



Jens H N Bjordal  
Jens Bjordal  
Grønlandsvegen 11  
5918 FREKHAUG

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 21/1663 - 22/32478

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
12.05.2022

## Mellombels bruksløyve - gbnr 309/217, 309/218 tomannsbustad Hjertås

**Administrativt vedtak:** Saknr: 467/22  
**Tiltakshavar:** Meland Bygg AS  
**Ansvarleg søkjar:** Jens H N Bjordal  
**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for tomannsbustad på gbnr 309/217, 309/218 (tidlegare gbnr 309/28) på følgjande vilkår:**

- 1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande tiltaket: tomannsbustad.**
- 2. Ferdigattest skal liggje føre innan 01.01.24.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 11.06.19 i sak 18/644.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Opparbeiding av felles leikeplass i samsvar med utomhusplan godkjent i sak 18/2440 den 23.11.18.
2. Opparbeiding av fordrøyningsmagasin, VAO-anlegget i feltet i samsvar med vilkår i rammeløyve i sak 18/2440 den 23.11.18.

Mellombels bruksløyve gjeldheile] tiltaket: tomannsbustad hus 1,2, tidlegare gbnr 309/28, nåverande gbnr 309/217, 309/218.

Ansvarleg sækjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.01.24.

Det vert elles vist til søknad om mellombels bruksløyve, motteken 27.04.22.

## VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket: tomannsbustad.

## Skildring

Adresse:	Gbnr 309/217 Mjukebakkane 1A
Bygningstiltak:	Halvparten av tomannsbustad
Bygningsnummer:	300761663
Bruksareal:	0
Avløp:	kommunalt
Vatn:	kommunalt
Tal på røykløp:	1
Adresse:	Gbnr 309/218 Mjukebakkane 1A B
Bygningstiltak:	Halvparten av tomannsbustad
Bygningsnummer:	300761669
Bruksareal:	0
Avløp:	kommunalt
Vatn:	kommunalt
Tal på røykløp:	1

## Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

## Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/1663

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Gjennomføringsplan versjon 004. signert  
Teikning E 4 Fasade nord  
Teikning E 1. Fasade sør  
Teikning E 2 Fasade vest.  
Teikning E 5. Plan 2. etg.  
Teikning E 6. Plan 1. etg.  
Teikning E 7. Snitt  
Teikning E 8. Snitt  
Teikning nr E 3 Fasade aust

### **Kopi til:**

Meland Bygg AS

Melandsvegen 5919  
279

FREKHAUG

### **Mottakarar:**

Jens H N Bjordal

Grønlandsvege 5918  
n 11

FREKHAUG